

Alle kommunane i Hordaland

Dato: 27.03.2014
Vår ref.: 2014/555-5
Saksbehandlar: lisadla
Dykkar ref.:

Tilskot til mindre fysiske trafikksikringstiltak i kommunane

Hordaland fylkeskommune sin *Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017* ligg no føre. For denne planperioden er det etablert ei ny tilskotsordning for mindre fysiske trafikksikringstiltak i kommunane. Bakgrunnen for ordninga er å stryke det målretta trafikksikringsarbeidet i kommunane, og få gjennomført mindre trafikksikringstiltak som elles ikkje når opp på prioriteringslista når investeringane på fylkesvegnettet vert vedteke. Tiltak som er høgt prioritert i kommunane sine trafikksikringsplanar er ofte små tiltak som likevel kan vere av stor betydning. Ordninga har ei årleg ramme på 1 mill kroner. Følgjande grunnleggjande kriteria for ordninga ligg til grunn i handlingsplanen:

- Ordninga vil vere basert på søknader frå dei enkelte kommunane til Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU).
- Tiltak må i utgangspunktet gjelde kommunal eller fylkeskommunal veg.
- Det vil vere krav om at kommunane har ein oppdatert trafikksikringsplan.
- Det vil vere krav om at tiltaka er planavklart eller eventuelt ikkje har behov for omfattande planavklaringar.
- Det vil vere krav om kommunal medfinansiering.

Ordninga kan finansiere inntil 70 pst av godkjende kommunale og fylkeskommunale tiltak, og det vert krevd ein lokal eigenandel på minst 30 pst av tiltaket sin totale kostnad. Totalt kan ikkje tiltaket overskride 250.000 kr. Forpliktande dokumentasjon på den lokale eigenandelen skal følgje søknaden.

Det vert lagt vekt på at tiltaka som søker delfinansiering frå tilskotsordninga skal innehalde enkle og kostnadseffektive løysingar som direkte medverkar til å auke trafikksikkerleiken. Det kan søkjast om midlar innanfor eit breitt spekter av tiltak, men tiltak som rettar seg inn mot mjuke trafikantar, i særleg grad born og eldre, samt tiltak som reduserar risikoen for møte- og utforkøyringsulukker vert særleg vektlagt.

Kommunane kan sende inn tilskotssøknad på vedlagte søknadsskjema til fylkeskommunen innan 21. mai.

John Martin Jacobsen
leiarLise Ådlandsvik
Rådgjevar

Vedlegg: Søknadsskjema

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift